



Harald Erdal (til venstre) overtek leiinga att i båtlaget, men Frode Ludviksen (til høgre) var skeptisk.

Harald Erdal, som tidlegare har vore leiar av Uskedal Båtlag i 15 år, overtok leiinga att under årsmøtet på Stemneplassen i kveld. Han avløyste Rolf Myklebust. Valet skjedde samrøystes, men med eit aldri så lite tilløp til den dramattikk som laget tidlegare til tider var prega av.



I overkant av 20 var på årsmøtet.

Leiar i valnemnda Sigurd Myklebust var glad for å kunne leggja fram eit ferdigsydd forslag om val av Erdal som leiar og Trond Myklebust og Espen Eik som nye styremedlemmar. Endre Nilsen og Gunnar Leite var ikkje på val. Varamenn er Øystein Koløy og Jan H. Hansen. Frode Ludviksen går ut av styret men held fram med å føra rekneskapen. Han uttala at han hadde hatt ønskje om ein annan og yngre leiar, men hadde ikkje fått kontakt med den han tenkte på. Johan Sunde kom så med denne replikken til Ludviksen:
 - At ein har eit anstrengt forhold til ein kandidat kan ein ikkje ta omsyn til. Det er viktig med kontinuitet.
 Sigurd Myklebust:: Vi i valnemnda er glad for at Erdal vil gå på ein toårsperiode til.
 Erdal truga med å trekkja seg og det same gjorde Ludviksen som rekneskapsfører men etter kvart aksepterte dei rollane.

Etter forslag frå Torfinn Myklebust vart det vedteke å justere opp honoraret til leinga slik at leiar og kasserar får 4.000 kroner kvar og i tillegg fri båtplass. Dei andre i styret får fri båtplass og varamennene halv båtplass.

Torfinn Myklebust var den einaste som gjekk imot forslaget om at uskedalingane skal ha forkjøpsrett ved sal av båtplass, ein ordning han fann imperialistisk. Derimot vart forslaget om at berre medlemmer med båtplass skal ha røysterett samrøystes vedteke.

Avgåande kasserar Ludviksen kommenterte rekneskapen med at laget er gjeldfritt og har pengar på bok og veteran Johan Sunde mintes ein mangeårig kamp med gjeld på opptil ein million. Driftsresultatet for i fjor var 94 084 kroner.

Fleire var opptekne av at laget no bør satsa på å knyte til seg ein hamnesjef og her vart det vist til erfaringane frå Husnes, som har ein pensjonistgjeng i entusiastisk teneste.

Eit anna tema var behovet for utviding av klubbhuset og eit tredje bygslingsavtalen med kommunen som endeleg er klar til underskriving. Sunde ville ta opp saka om utleie av båtplassar, men vart henvist til neste årsmøte.

Ludviksen tok fram som eit problem å få folk til å gje frå seg båtplassar slik at dei kan selgjast til nye medlemmer.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen